



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

12/2005

Kommunane
Fylkeskommunane
Fylkesmennene

Dykkar ref

Vår ref
11/2406-20

Dato
02.07.2012

Kommuneproposisjonen 2013 og Revidert nasjonalbudsjett 2012

Dette brevet orienterer om Stortinget si handsaming av Kommuneproposisjonen 2013 (Prop. 110 S (2011–2012)), jf. Innst. 380 S (2011–2012) frå Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité. Samstundes med kommuneproposisjonen la regjeringa fram Revidert nasjonalbudsjett 2012 (Meld. St. 2 (2011–2012)) og forslag til løyvingsendringar for 2012 i Prop. 111 S (2011–2012), jf. Innst. 375 S (2011–2012). Stortinget fatta vedtak om desse sakene 13. og 15. juni 2012.

Innstillingane frå kommunal- og forvaltningskomiteen og finanskomiteen og referat frå stortingsdebattane 13. og 15. juni er tilgjengelege på Stortinget sine nettsider: www.stortinget.no.

1. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2013

Hovudtrekka i det økonomiske opplegget for 2013 er følgjande:

- Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter på mellom 5 ¼ og 6 mrd. kroner i 2013. Veksten er rekna frå anslått inntektsnivå i 2012 i revidert nasjonalbudsjett 2012.
- Realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i 2013 på mellom 4 ¾ og 5 mrd. kroner.
- Av veksten i frie inntekter skal 800 mill. kroner fordelast til fylkeskommunane.
- Skjønnsramma for 2013 er fastsett til 2 564 mill. kroner i tråd med forslaget i kommuneproposisjonen.

Regjeringa legg fram endeleg framlegg til inntektsrammer for kommunesektoren i

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

<http://www.krd.dep.no/>

Kontoradresse
Akersg. 59

postmottak@krd.dep.no

Kommunalavdelinga

Telefon 22 24 90 90

Sakshandsamar
Melissa Edvardsen
22247216

Org no. 972 417 858

statsbudsjettet for 2013 (Prop. 1 S (2012–2013)).

2. Revidert nasjonalbudsjett 2012

2.1 Revidert inntektsanslag for kommunesektoren i 2012

I Revidert nasjonalbudsjett 2012 er anslaget på inntekts- og formueskatt til kommunesektoren i 2012 oppjustert med 2,3 mrd. kroner. Auken fordeler seg med 1,9 mrd. kroner på kommunane og 400 mill. kroner på fylkeskommunane. Inntektsveksten i 2013 (jf. pkt.1) kjem i tillegg til det oppjusterte inntektsnivået i 2012.

2.2 Endringar i rammetilskotet til kommunar i 2012 (budsjettkap. 571)

Regjeringa sitt forslag til endringar i Revidert nasjonalbudsjett 2012 vart vedteke i Stortinget 15. juni 2012. I vedlegg 1 er kommunevis fordeling av rammetilskotet i 2012 etter stortingshandsaminga vist.

- Som kompensasjon for auka barnehageetterspurnad ved omlegginga av kontantstøtteordninga frå 1. august 2012 blei rammetilskotet til kommunane auka med 91,9 mill. kroner i statsbudsjettet for 2012. Nye berekningar syner at behovet for barnehageplassar forventas å bli større enn lagt til grunn i statsbudsjettet for 2012. Difor vart rammetilskotet auka ytterligare med 122 mill. kroner i Revidert nasjonalbudsjett 2012. Endringane vert føreteke i innbyggjartilskotet (kap. 571, post 60). Endringane vil i sin heilskap gjerast på juli-terminen av rammetilskotet.
- Ekstremvêret Dagmar ramma spesielt Vestlandet i desember 2011. Ved øydeleggingar på kommunal og fylkeskommunal struktur gir Kommunal- og regionaldepartementet ein delvis kompensasjon for ekstraordinære utgifter. På bakgrunn av dette vart skjønnsramma auka med 145 mill. kroner i Revidert nasjonalbudsjett 2012. Departementet vil orientere om vidare prosess i eige brev til fylkesmenn og fylkeskommunar i fylka som vart råka.

Forklaring til vedlegg 1

Kolonne 1:

Rammetilskot til kommunane etter saldert budsjett 2012 (jf. brev av 20. januar 2012).

Kolonne 2:

Endringar i Revidert nasjonalbudsjett 2012. Innbyggjartilskotet vert auka med 122 mill. kroner som kompensasjon for auka barnehageetterspurnad ved omlegginga av kontantstøtteordninga.

Kolonne 3:

Rammetilskotet til kommunane i 2012 inkludert endringa i Revidert nasjonalbudsjett 2012.

2.3 Endringar i rammetilskotet til fylkeskommunane i 2012 (budsjettkap. 572)

Det er ingen endringar i rammetilskotet til fylkeskommunane i Revidert nasjonalbudsjett 2012.


3. Øyremerka tilskot


Når det gjeld løyvingsendringar i øyremerka tilskot for 2012, sjå vedlegg 2.

4. Statsbudsjettet 2013

Prop. 1 S (2012–2013) vert etter planen lagt fram måndag 8. oktober 2012.

Med helsing


Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør


Melissa Edvardsen
rådgivar

Vedlegg:

1. Endringar i rammetilskotet til kommunane etter RNB 2012
2. Statlege overføringar til kommunesektoren i 2012.